

Kontrollutvalet i Luster kommune

Sak 8/2021 Årsrekneskap og årsmelding Lustrabadet KF 2020

Sakshandsamar Linn Terese Engvik	Møtedato 05.05.2021	Saknr 8/2021
--	-------------------------------	------------------------

SEKRETARIATET SI TILRÅDING:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen 2020 for Lustrabadet KF, med eventuelle justeringar i møtet. Fråsegna vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	05.05.2021	Kontrollutvalet	Fråsegn frå kontrollutvalet (utkast)
2	22.02.2021	Lustrabadet KF	Årsrekneskap 2020
3	22.03.2021	Lustrabadet KF	Årsmelding 2020
4		Vestland Revisjon KO	<i>Ettersendast: Revisjonsmelding 2020 for Lustrabadet KF</i>

BAKGRUNN

I samsvar med kommunelova og forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet sjå til at kommunen eller fylkeskommunen sin årsrekneskap, og kommunale eller fylkeskommunale føretak sine årsrekneskap blir revidert på ein tryggande måte. Kontrollutvalet skal gje ei fråsegn til rekneskapen. Fråsegna skal sendast til kommunestyret.

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER MV.

Kommunelova
Forskrift om kontrollutval og revisjon

SAKSUTGREIING

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen og årsmeldinga for Lustrabadet KF for 2020. Revisjonsmeldinga er p.t. ikkje motteke, men vil bli ettersendt til kontrollutvalet så snart denne ligg føre. I denne saksutgreiinga, samt i utkastet til fråsegn frå kontrollutvalet (vedlegg 1) forutsetjast det at revisor ikkje har merknader til årsrekneskapen for Lustrabadet KF.

Lustrabadet KF sin rekneskap for 2020 viser eit netto driftsresultat på NOK 447 215, og eit ordinært resultat (overskot) på NOK 466 839. Det rekneskapsmessige resultatet (resultat etter interne finansieringstransaksjonar) er NOK 0. I 2019 hadde Lustrabadet KF eit netto driftsresultat på NOK -34 237, og eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) på NOK 37 843. Utviklinga frå 2019 til 2020 er følgjeleg klart positiv. Dette til trass for at Lustrabadet har vore råka av Covid-19 pandemien, og heldt stengt i perioden 12. mars til 15. juni 2020.

Dei totale driftsinntektene i rekneskapen er på drøye MNOK 9,3, mot budsjettert drøye MNOK 9,2. Talet inkluderer refusjon av sjukepengar med om lag NOK 240 000 og refusjon av mva. med om lag NOK 486 000.

Salsinntektene har gått opp med om lag NOK 216 000 samanlikna med 2019, dette sjølv om besøkstala har vore noko lågare enn budsjettert. Av årsmeldinga går det fram at Lustrabadet fekk ei måloppnåing på 86 % når det gjeld tal besøkande, med totalt 36 805 gjester, mot budsjettert 43 000. I tillegg kjem skulesymjing.

Samla driftsutgifter utgjer i underkant av MNOK 8,9, mot budsjettert MNOK 9,2. Lønnskostnader inkl. sosiale utgifter vel NOK 700 000 lågare enn budsjettert.

Styret foreslår at overskotet på NOK 466 839 vert overført til disposisjonsfondet.

Styret viser i årsmeldinga til at 2020 har vore eit krevjande år for Lustrabadet KF grunna Covid-19, men at ein samla sett meiner det er god og stabil drift. Det vert i årsmeldinga vist til at det er jobba godt og systematisk gjennom året, noko som har bidrege til positiv utvikling og lagt eit godt grunnlag for vidare drift. Av årsmeldinga går det vidare fram at ein i 2020 har arbeidd med å gjennomføre selskapet sin strategiplan, og har nådd vesentleg effektivisering gjennom digitalisering av avvikssystem, robotisering av reinhaldsrutinar, betre og systematisk oppfølging av tilsette, samt kulturbygging.

Med bakgrunn i ovannemde er det laga framlegg til fråsegn frå kontrollutvalet til årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding for Lustrabadet KF. Utkast til fråsegn ligg ved saka.